



Kari Konglevoll  
Sandslimarka 121  
5254 SANDSLI

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5999 - 23/75731

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
29.09.2023

## Ferdigattest piperehabilitering - gbnr 56/83 Hundvin

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1011/23  
**Tiltakshavar:** Kari Konglevoll  
**Ansvarleg søkjar:** Hans Jarle Haukås  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for rehabilitering av teglsteinpipe i fritidsbustad på gbnr 56/83. Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 18.08.2023.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.09.2023.

### Skildring

Adresse:	Hundvinsvegen 151
Bygningstiltak:	Fritidsbygg/sommerhus
Bygningsnummer:	9872876
Tal på røykløp:	1

### GENERELL INFORMASJON

#### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/5999

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hans Jarle Haukås

Fjellangersving 5955  
ane 254

LINDÅS

Kari Konglevoll

Sandslimarka 5254  
121

SANDSLI